

## Styremøte i Sunnfjord Kulturråd 04.05.23

**Til stede:** Leon Årdal, Kirsten Johanne Friis, Åsmund Rakke, Leiv Sølvberg, Eva Marie Halvorsen, Kari Eikås, Svein Inge Bjørkedal, Gerd Nesbø

**Sekretær:** Johan Bengtsson

**Meldt forfall:** Wilhelm Støylen, Marion Aas Wie, Trude Tenold  
Marianne Hoff, Andrine Faleide

### Saker:

#### 1. Val av leiar

Svein Inge leiar møtet.

Forslag frå Kirsten: Svein Inge

Svein Inge stiller under føresetnad at han får bakking frå styret

Kirsten fortsetter som nestleiar

Leon fortsett som kasserar

#### 2. Handlingsplan 2023-2024

#### 3. Meld gjerne inn saker!

### Innspel til Plan for Kultur, frivillighet og inkludering:

#### - Høyringsperioden

Høyringsperioden for planen er sett til 7. juni – 28. august.

Styret i Sunnfjord kulturråd ber Sunnfjord kommune om å utsette høyringsperioden til hausten 2023, slik at det er mogleg for dei frivillige organisasjonane og Sunnfjord Kulturråd å behandle planen.

#### - Førdehuset som kulturhus

Investering for vidare fornying i tråd med utarbeida strategiplan for Førdehuset må følgast opp og kome på plass i budsjettet.

Dette må vere ein eigen post i økonomiplanen og ikkje «samlepost», slik vi tydar det per i dag, saman med ev. idretts- og symjehall. Dette må også vere på sida av planane knytt til Førde Arena (vektløfting).

#### - Gratis leige for frivillige lag og organisasjonar

I dag betalar lag og organisasjonar leige for bruk av lokaler og baner til sin aktivitet. Denne er gjerne lav og tilnærma symbolsk, men likevel unødvendig. Gratis leige er mellom anna innført i Bergen kommune. Ved å sette leige til kr 0,- til frivilligheita kan kommunen bruke mindre tid og ressursar til fakturering, både intern og ekstern. Slik vi forstår det er summen av inntektene er om lag 1 – 1.5 million kroner. Dette bør det vere rom for å sette strek over i budsjettet.

#### - Store arrangement i Sunnfjord

Kommunen bør tilrettelegge for eit større området for scene, sirkustelt, bubilar osv. Slik det er no er det krevjande for frivilligheita, både med tanke på tidsressursar og økonomisk. Området bør ha eit

godt areal, nokolunde i nærleiken av sentrum og vere tilrettelagt med straum og gjerne toalett- og garderobefasilitetar.

- **Kulturbygg i Sunnfjord**

Kommunen bør greie ut om det er fordelaktig å selje enkelte eigedommar som er, eller kan, nyttast til kultur. Døme på dette er Heimyrkeskulen på Vassenden og Gamlebanken i Førde. Frivilligheita kan stille sterkare i søknadsprosess for gåvemidlar, stiftingar og anna. «Jølstrahuset» er i gong med spennande planar der dette kan vere aktuelt.

Dette vil også redusere kommunen sine kostnader knytt til drift og vedlikehold av eldre, i stor grad ubrukt, bygningsmasse.

Det er viktig at ev. stifting, lag eller organisasjon som ev. overtek eigedom, har ressursar og ein solid organisasjon som kan forvalte bygget forsvarleg over ein lengre tidsperiode. Arendal kommune har gjennomført dette på fleire bygg.

**4. Neste møte: måndag 12. juni kl. 18.30**